



Stiftelsen Os Eldresenter

Dato: 12.09.2014

Vår ref.: 2014/543-71

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.:

Os kommune - fordeling av tilskot til lokale kulturbygg, anleggsnr 1243 0096 01 Os Seniorcenter

Vi viser til søknad om tilskot frå ordninga for lokale kulturbygg.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsame søknaden den 19.08.2014 (sak 99/14). Søknaden fekk diverre avslag.

Ved tildelinga for 2014 var det kr 4 445 050,- til fordeling. Det kom inn 22 søknadar innan fristen. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Vedtaket er i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling:

«Prioritert som nr 2 av kommunen. Etter føresegner for lokale kulturbygg skal lokale være opne for alle. Fylkesrådmann finn ikkje å støtte tiltaket»

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket.

Ordninga er sett saman av midlar både for staten og Hordaland fylkeskommune. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til statlege spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Os kommune Postboks 84